



SAKSHANDSAMAR
Ivar Arrestad
Lars Erik Eibak Bru

VÅR REF.
24/01451-3

VÅR DATO
21.06.2024

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR REF.
2023/63521-5

DYKKAR DATO

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Tjelmeland - Kyrpingvegen 29 - 119/2 i Etne - Klage - Vestland fylkeskommune sitt avslag på søknad etter kml. § 8, 1. ledd for bygging av landbruksveg – Oppheving av vedtak

Vi viser til Vestland fylkeskommune sitt brev av 08. mai d.å. med oversending av klage av 26. april d.å. frå Nils Olav Tjelmeland over fylkeskommunen sitt vedtak av 25. mars d.å. med avslag på søknad om dispensasjon etter kulturminnelova (kml) § 8 første ledd for bygging av landbruksveg i konflikt med automatisk freda kulturminne id 90187 på Tjelmeland i Etne kommune. Vi viser og til ytterlegare merknader til klagen i brev av 16. mai d.å frå advokatfirmaet Eurojuris Haugesund AS, samt til andre dokument i saka.

Vedtak

Vestland fylkeskommune sitt vedtak av 25. mars d.å om avslag på søknad om dispensasjon etter kulturminnelova § 8 første ledd for bygging av ny landbruksveg i konflikt med automatisk freda kulturminne id 90187 vert å oppheve i medhald av forvaltingslova § 34 siste ledd då fylkeskommunen si utgreiings- og informasjonsplikt etter forvaltingslova § 17 ikkje er oppfylt. Saka sendes attende til Vestland fylkeskommune til fornys sakshandsaming.

Bakgrunn

Den aktuelle kulturminnelokaliteten id 90187 vart påvist under arkeologiske registreringar i samband med reguleringsplan for Rv 11 Teigland-Lauareid-Håland i 1995. Registreringa resulterte i avdekking av ein jordvoll og eit tykt trekolhaldig kulturlag med funn av keramikk, samt oppsamling av fleire forhistoriske funn i dei oppgravne jordmassane. På bakgrunn av dette vart det konkludert med at kulturspora var knytt til ei hustuft og busettingsaktivitet frå bronsealderen. Fleire tilhøve kring registreringa i 1995 som gjaldt problem med særskilt dårleg ver og mykje vatten under

feltarbeidet, manglande avgrensing av funnomfang og usikker kartfesting, gjer at kulturmiljøforvaltinga framleis manglar informasjon i høve til dagens krav til dokumentasjon. I etterkant er kartfestinga av lokaliteten retta noko opp med meir presis avgrensing. Registreringsrapporten nemner og at det på ein liten terrasse aust for sjølve lokaliteten vart påvist kulturspor frå mellomalder, men at desse funna ikkje har blitt vidareført med definering og kartfesting som separat kulturminnelokalitet.

Tiltakshaver Nils Olav Tjelmeland driv med produksjon av mjølk frå ku som leverast til Tine meierier (Tine). I samband med innføring av større og tyngre tankbilar, er det søkt om etablering av ein ny vegtrasé for å imøtekommne Tine sine oppdaterte krav til vegstandard for å sikre forsvarleg framkomst for dei nye tankbilane. Dei to eksisterande vegane inn til garden er bratte og uoversiktlege og det er utfordrande å halde vegstandarden ved like, særleg på vinteren. Den planlagde nye vegtraséen vil kome i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminnet id 90187.

Universitetsmuseet i Bergen viser i si fråsegn i saka stor forståing for behovet for ein betre tilkomst til gardsbruket for å sikre at mjølkeproduksjonen kan halde fram. Museet viser likevel til at resultata frå registreringa i 1995 ikkje er tilstrekkelege til å kunne vurdere ei eventuell tilslutning til dispensasjon for det omsøkte tiltaket, heller ikkje for å kunne utarbeide prosjektplan og budsjett for eventuelle vilkår om arkeologisk gransking/utgraving. Det er per i dag ikkje mogeleg å stadfeste omfanget av ei frigjevingsundersøking av di det ikkje ligg føre opplysningar korkje om kor djupt kulturlaget er, kva for utstrekning kulturlaget har eller om lokaliteten representerer fleire busettingsfasar. Det manglar og opplysningar om kva for og kor mange strukturar busettingslokaliteten inneheld, mellom anna kor mange eldstader og stolpehol eit vidare dokumentasjonsarbeid må ta høgde for. I tillegg kjem den uavklarte situasjonen angåande funna frå mellomalderen gjort under registreringa i 1995. Alle dei uavklarte forholda knytt til den automatisk freda lokaliteten viser at det er behov for ei tilleggsregistrering som grunnlag for ei meir heilskapleg og presis forståing av lokaliteten sin karakter og utstrekning.

Vestland fylkeskommune viser til at det har vore dialog med tiltakshaver for å finne alternative løysingar til den omsøkte vegtraséen, mellom anna ei utbetring av atkomstvegen i aust med lågare stigningsgrad og med ny innkøyring vel 70 m lengre sør for dagens innkørsel. Fylkeskommunen viser til at bevarte kulturlag med gjenstandsfunn frå bronsealderen er ei sjeldan forekommende kulturminnekategori som er særskilt viktig å bevare for kommande generasjonar, både med tanke på representativitet og framtidig kunnskapspotensial som vitskapeleg kjeldematerial. Dei store kulturminneverdiane må vurderast opp mot den samfunnsmessige nytta av det omsøkte tiltaket. Det er viktige private interesser knytt til å legge til rette for betre tilkomst for Tine sine større og tyngre tankbilar på garden, men etter fylkeskommunen sitt syn er det framleis mange alternative løysingar som kan utgreiast før det eventuelt kan

aksepterast at den viktige automatisk freda kulturminnelokaliteten vert øydelagd. Fylkeskommunen vil alltid vere tilgjengeleg for å bistå med vurderingar av alternative løysingar.

Både klager og advokatfirmaet Eurojuris held fram at det er samfunnsmessig viktig å oppretthalde mjølkeproduksjonen på garden, samt at alternative løysingar er vurdert som korkje praktisk gjennomførbare eller som egna til å vesentleg forbetra noverande atkomst for Tine sine tankbilar. Advokatfirmaet held fram at den omsøkte vegtraséen er plassert i det slakaste området på eigedomen, noko som best tek i vare sikkerheita for tankbilsjåførane. Advokatfirmaet viser og til at alternative vegtrasèar vil føre med seg bruk av meir dyrka mark enn den omsøkte traséen.

Riksantikvaren si vurdering

Riksantikvaren vil peike på at automatisk freda kulturminne er ein særskilt begrensa ressurs med både vitskapeleg verdi (forsking) og opplevingsverdi for noverande og framtidige generasjonar. Kulturminnelova sitt utgangspunkt er at automatisk freda kulturminne skal få ligge i fred og beskyttast mot skadelege eller utilbørleg skjemmende tiltak. Det skal berre gis tillatelse til tiltak som er så viktige at omsynet til fortsatt bevaring av det aktuelle automatisk freda kulturminnet må stå tilbake.

Ein grunnleggande føresetnad for å kunne gjere ei fagleg forsvarleg vurdering av om det skal gis dispensasjon for tiltak i medhald av kml § 8, er at kulturmiljøforvaltinga har god oversikt over/kjennskap til det aktuelle automatisk freda kulturminnet, mellom anna for å kunne vurdere kva for avbøtande vilkår som skal fastsetjast. Ein annan grunnleggande føresetnad for å kunne dispensere frå den automatiske fredinga må være at det er gjort grundige vurderingar av eventuelle alternative tiltaksløysingar som kan minimere eller hindre skade eller utilbørleg skjemming av det aktuelle kulturminnet.

I den aktuelle saka viser særleg fråsegna frå universitetsmuseet i Bergen at registreringsrapporten frå 1995 på langt nær gir eit godt nok grunnlag for å konkludere kva for kulturhistoriske verdiar den aktuelle lokaliteten representerer. Særleg vil vi peike på den uavklarte situasjonen angåande funna frå mellomalderen. Det ligg heller ikkje føre grunnleggande opplysningar for å kunne stadfeste omfanget av ei frigjevingsundersøking: Ein veit ikkje kor djupt kulturlaget er, kva for utstrekning det har eller om lokaliteten representerer ein eller fleire busettadfasarar. Ein veit heller ikkje kva for og kor mange strukturar busettingslokaliteten inneheld. Det er behov for ei tilleggsregistrering som grunnlag for ei meir heilskapleg og presis forståing av lokaliteten sin karakter og utstrekning, før spørsmålet om dispensasjon og vilkår kan vurderast på fagleg forsvarleg vis.

Ut frå dei dokumenta Riksantikvaren har hatt tilgang til, framstår det og uklart om alternative atkomst- eller leveringsløysingar for Tine sine større og tyngre tankbilar er

skikkeleg vurdert. Både klager og advokatfirmaet Eurojuris held fram at vurderingar av alternative løysingar er gjort, men slik desse løysingane er presentert i dokumenta vi har hatt tilgang til, synar dei seg meir som påstandar og postulat enn som reelle forsøk på å avverge unødige inngrep i den automatisk freda lokaliteten. Vi vil sterkt oppmøde fylkeskommunen til å søke ny dialog med tiltakshaver for å få på plass reelle løysingsalternativer som kan vurderast opp mot den omsøkte tilkomstvegen.

Konklusjon

Riksantikvaren vurderer at fylkeskommunen si utgreiings- og informasjonsplikt etter forvaltingslova § 17 ikkje er oppfylt i saka. Fylkeskommunen sitt vedtak av 25. mars d.å. vert å oppheve i medhald av forvaltingslova § 34 siste ledd. Saka sendes attende til Vestland fylkeskommune til fornya sakshandsaming.

Helsing

Anne-Judith Munthe-Kaas
avdelingsdirektør, leiar Juridisk seksjon

Lars Erik Eibak Bru

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Isa Trøim, Seksjon for arkeologiske kulturminner/ Advokatfirmaet Eurojuris Haugesund AS, Postboks 548, 5501 HAUGESUND